



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 10.05.2023

Tidspunkt: 19.30 – 20.40

Til stades:

Torfinn Slåtto

Arild Øystese Hansen

Einar Brattegard

Sveinung Hansen

Else Karin Veslegard

Birger Bolstad

Wenche Smestad

Solveig Vestenfor

Varamedlem for:

Frå administrasjonen møtte:

Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Torfinn Slåtto

Leiar

15/23 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste:

Møteinnkalling og saksliste vart godtkjent utan merknadar.

16/23 Godkjenning av møteprotokoll møte 18.04.2023:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøte 18.04.2023 var godtkjent utan merknader.

SAK 17/23 Utleigereglement for Ål kyrkjelege fellesråd

Saka vert avgjort av:

Ål kyrkjelege fellesråd

Vedlegg:

Framlegg til utleigereglement

Saksopplysningar:

Fellesrådet drøfta utleigereglementet i møte 18. april 2023. Kyrkjevevja har gjort endringar i utleigereglementet etter innspel som kom i møte 18. april.

Vurdering:

Kyrkjevevja meiner at utleigereglementet vil vere eit godt reiskap for forvaltning av utleiga og gi tydlege rammer for dei som ønskjer å leige kyrkjene og kyrkjestugu.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet vedtek Utleigereglement for kyrkjene og kyrkjestugu i Ål.

Handsaming i fellesrådet

Røysting

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedatt

Vedtak:

Fellesrådet vedtek Utleigereglement for kyrkjene og kyrkjestugu i Ål.

Sak 18/23 Endring utforming namna minnelund

Saka vert avgjort av:

Fellesrådet vedtar endringa.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark godkjenner endringa.

Saksopplysnigar:

Asplan Viak har no endra prosjektet og minnesmerke på namna minnelund. Endringa er så stor at den må sendast til Statsforvaltaren for ny godkjenning.

Vedlegg:

Ny prosjekt skildring og tekingar.

Vurdering:

Prosjektet er nå endra slik at det berre omfattar namna minnelund og minnelunden er endra slik at portalen er endra til minnesmerke i natursteinsmur.

Kyrkjevevja meiner dette er eit varig minnesmerke som krev vesentleg mindre fundamentering og vedlikehald.

Framlegg til vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtar endring av utforming av minnesmerke på namna minnelund jf. tekingar datert 26.04.2023

Saka sendes Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning.

Handsaming i fellesrådet

Røysting

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtar endring av utforming av minnesmerke på namna minnelund jf. tekingar datert 26.04.2023

Saka sendes Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning.

SAK 19/23 Tertialrapport 1/23

Saka vert avgjort av:

Fellesrådet

Saksopplysningar:

I følgje forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kyrkje § 10 skal:

Soknets organer skal påse at det gjennom budsjettåret legges fram rapporter som viser utviklingen i inntekter og utgifter sammenholdt med det vedtatte årsbudsjettet. Dersom det er grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til opprinnelig eller regulert årsbudsjett, skal det i rapporten foreslås nødvendige tiltak.

Det er i tertialrapporten laga fire kolonner:

- Rekneskap 1. termin 2023
- Periodisert budsjett
- Rekneskap 1. termin 2022
- Budsjett heile 2023

Vedlegg:

Terminrapport 1/23

Vurdering:

Lønn: Det er brukt ca. 290 000 mindre enn budsjettet. Det er og eit mindreforbruk i forhold til 2022. Mindreforbruket i 2023 skuldast vakanse i stillinga som kyrkjelydspedagog. Det er og tatt høgde for lønnsoppgjret. Om lønnsoppgjret for 2023 i kyrkja følgjer frontfaga på 5,2%, vil me ha ein buffer til å klare dette innanfor budsjettet.

11200 Anna forbruksmateriell: Her er det kjøpt gåver til konfirmasjonsleiren i Hallingdal. Kostandane på dette skal fordelast mellom kommunane.

11700 Kjøp transporttenester: Dette er konfirmasjonstur til Bergen. Her kjem det eigenbetaling.

11800 Energi: Her er det litt overforbruk og ein god del meir enn i 2022. Når det gjelder i forhold til 2022 er nok meirforbruket i forhold til pandemien då det var nedstenging i januar og februar 2022 og at vinteren var mildare i 2022.

11950 Avgifter, gebyr: Her er det store årslisensar som vert betalt i januar.

12000 Inventar og utstyr: Her er det kjøpt mellom anna fleire nye PC'ar, den eldste var frå 2014. Det er nødvendig å kjøpe eit par til for å ha ei fungerande maskinpark. PCar har normalt i maksimal levetid på 5 år. Fellesrådet må oppgradere inventar i åra som kjem.

12400 Serviceavtalar/reperasjonar: Her er det mellom anna bytta ein sprinklarventil på Torpo. Riksantikvaren skal refundere kr. 40 000 av denne kostnaden. I tillegg er det service på ventilasjonsanlegg i kyrkjestugu. Det har og vore problem med traktoren på Torpo. Her er det tatt ein stor service på denne. Det er og årlege serviceavtalar som har forfall i 1. tertial. Det vil før sommarsesongen bli tatt service på alle grasklypparar.

12700 Andre tenester: Ca. kr.90 000 gjelder diakoni, kjøp av tenester på grunn av permisjon.

Inntekter: Største delen av inntektene kjem i 2. og 3. tertial.

18100 Overføringer - Andre statlige overføringer: Her er det tilbakeført ei feilføring på kr. 64000. Feilføringa er i rekneskapen for 2020.

Kyrkjeverja meiner tertialrapporten gir et korrekt bilde av økonomien fellesrådet. Kyrkjeverja meiner det ikkje er naudsynt å sette i verk tiltak.

Fremlegg til vedtak:

Fellesrådet tek tertialrapport 1/23 til orientering.

Handsaming i fellesrådet

Kyrkjeverja orienterte om saka.

Røysting

Samrøystes vedtatt

Vedtak:

Fellesrådet tek tertialrapport 1/23 til orientering.

SAK 20/23 Høyring revidering av arealdelen til kommuneplanen

Saka vert avgjort av:

Fellesrådet avgjer om det skal gis høyringssvar.

Saksopplysningar:

Ål kommune har sendt forslag til revidering av arealdelen til kommuneplanens ut på høyring.

Hovudtrekk i planforslaget er:

- Område for spreidde bustader i grendene
- Bustadområde
- Næringsområde
- Landbruksområde
- Natur- og kulturmiljø

Forslag til kommuneplanens arealdel er utarbeidd i samsvar med fastsett planprogram, vedtak i kommuneplanutvalet 10/21, samfunnsdelen av kommuneplanen, overordna arealføringar for kommunens arealbruk og regionale- og nasjonale føringar. Forslaget er oppdatert i samsvar med kommuneplanutvalet høyringsvedtak.

Planforslaget omfattar ikkje kommunedelplan for Sundreområdet.

Høyringsfristen er 2. juni.

Vedlegg:

[Høyringar og kunngjeringar - Ål kommune \(aal.kommune.no\)](http://aal.kommune.no)

Vurdering:

Fellesrådet må sjå til at planforslaget ikkje endrar arealformål på dei eigedommane som fellesrådet eig eller endringar i planforslaget får følgjer for vår verksemd som kan være negative for oss.

Om det hadde vore naudsynt med utvidingar av våre gravplassar, så måtte me ha komme med innspel på dette no. Dette fordi planen når den er vedtatt vil styre arealbruken i dei neste 12 åra. Gravferdslova § 2 stiller krav om minimum 3% ledig graver av folketalet. Fellesrådet har ca 25% ledige graver. Etablering av namna minnelund(ar) vil og redusere arealbehovet. Kyrkjevevja meiner det ikkje er naudsynt å avsette areal i arealdelen til kommuneplanen for utviding av gravplassar.

Kyrkjevevja meiner planforslaget ikkje får negative følger for våre eigedommar som gjer at det er naudsynt å gi høyringssvar.

Framlegg til vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd gir ikkje høyringssvar til revidering av arealdelen til kommuneplanen.

Handsaming i fellesrådet**Røysting**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd gir ikkje høyringssvar til revidering av arealdelen til kommuneplanen.

Orientering:

Overdraging av Borgstugu/stavkyrkjetomta/prestegarden

- Eigedommen er frådelt OVF sin eigedom
- Skal overdragast til Den norske kyrkje Eigedom AS
- Synfaring og tilstandsvurdering 1.juni

Gravplassvedtekter:

E-post frå Statsforvaltaren med signal om godkjenning med atterhald av endring av tekst til § 14.